# Fag og tro – hva skjer mon tro?

Medier og livssyn

- litt fra det som skjer på Tryggheim

Tryggheim skular

## Litt frå overordna del

Opplæringen skal gi elevene en forståelse av kritisk og vitenskapelig tenkning. Kritisk og vitenskapelig tenkning innebærer å bruke fornuften på en undersøkende og systematisk måte i møte med konkrete praktiske utfordringer, fenomener, ytringer og kunnskapsformer.

Kritisk refleksjon forutsetter kunnskap, men gir samtidig rom for usikkerhet og uforutsigbarhet. Opplæringen må derfor søke en balanse mellom respekt for etablert viten og den utforskende og kreative tenkningen som kreves for å utvikle ny kunnskap.

Etisk bevissthet er å veie ulike hensyn mot hverandre og er nødvendig for å være et reflektert og ansvarlig menneske. Opplæringen skal utvikle elevenes evne til å foreta etiske vurderinger og gjøre dem fortrolige med etiske problemstillinger.

Tryggheim skular

## Kva er fordjupingsoppgåva på Tryggheim?

*Fordjupingsoppgåva* er ei undersøkande oppgåve der du skal forska på ein tekst med ei bestemt tematisk vinkling, og forhåpentleg koma klokare ut i andre enden.

På Tryggheim er oppgåva **tverrfagleg** og omfattar norskfaget og religion og etikk-faget. Det betyr at du skal fordjupa deg i eit tema frå religionsfaget med utgangspunkt i ein film eller ei bok. Oversikt over bøker og filmar som kan eigna seg til dette, finn du på s. 6-9.

Størstedelen av arbeidet med oppgåva skal gå føre seg i januar, men alt no må du tenkja på val av tema og tekst. Tidsplanen finn du på s. 5. Arbeidet skjer individuelt eller i par, og resultatet skal leggjast fram for klassen. Desse framføringane plar vera høgtidsstunder for både lærarar og elevar. Tjue minutt kan faktisk kjennast litt kort.




Tryggheim
vidaregåande skule
Fordjupingsoppgåva
3ST 2020-21
Nærkontakt med tekstar


http://kuteev.livejournal.com/

# LISTE OVER FILMAR

| Tema i religionsfaget | Filmtittel | Aktuell vinkling/problemstilling |
|---|---|---|
| Kristendom | *Les Miserables* (2012) | Nåde |
| | *The Avengers* (2012) | Kristen etikk eller «Den store forteljinga» |
| | *De usynlige* (2007) | |
| | *Risen* (2016) | Adaptasjon/omgrepa: Gudsbilete, synd, nåde og tilgjeving |
| | *Silence* (2016) | |
| | *Serien Farmen* (TV2 hausten 2020) | Kristendomsformidling, religiøs søken i vår tid |
| | Serien *Messiah* (2020) | Samanlikna religionar (kristendom, jødedom, islam) |
| Islam | *City of Ghosts* (2017) | Etiske problemstillingar, ver-varsam-plakaten, menneskesyn |
| | *Hva vil folk si?* (2017) | Verdikonfliktar vestleg livsstil - pakistansk livsstil |
| | *Layla M* (2016) | |
| | *Drageløperen* (2007) | |
| | *Ørkenblomst* (2009) | Kvinnesyn, rasisme |
| | Serien *Skam* (eit utval) (2016) | Følgja Sana, sett i forhold til islam i Noreg, religiøs søken i vår tid |
| | *Cuties* (2020) | Islam, kjønnsroller, integrering |
| Nyreligiøsitet | *Historien om Pi* (2012) | |
| | *Avatar* (2009) | Språkbruksanalyse, religionskritikk |
| | *Så som i himmelen* (2004) | - " – |
| | *Søndagsengler* (1996) | Kristendom, ulike former for religiøs søken |
| | *Thelma* (2017) | |
| | *Chocolat* (2000) | |
| Etikk | *En folkefiende* (2005) | Drøft den etiske konflikten |
| | Serien Skam (2016) | Verdisyn, konfesjonelle utformingar |

# LISTE OVER BØKER/TEKSTAR

| Tema i religionsfaget | Tittel | Aktuell vinkling/problemstilling |
|---|---|---|
| Kristendom | Eit utval preiker frå norsk kristenliv | Retorisk analyse |
| | *«Hjemkomsten»*, *«Foran loven»* (1919) av Franz Kafka | Tema: å koma heim<br>Samanlikna med Bibelen |
| | *Den bortkomne Faderen* (1899), *Fred* (1892), *Heimkomen son* (1908), *Jesus Messias* (1906), *Læraren* (1896) av Arne Garborg | -"- |
| | *En tid for alt* av Karl Ove Knausgård (2004) | Bibelske metaforar |
| | *Et større vi* av Geir Lippestad, (2016), sakprosa | Menneskeverd |
| | *Sjur Gabriel* av Amalie Skram (1887) | Gudsbiletet |
| | *Evangeliesonettar* av Hans Johan Sagrusten, (2012), dikt | |
| | *Søsterklokkene* av Lars Mytting (2018) | Bibelske metaforar<br>Tema: «- dø om så det gjelder» |
| | *Advent* av Gunnar Gunnarsson (1937) | |
| | *Den siste striden* av CS Lewis (1956) | |
| | *Taushet* av Shusako Endo (2019) | Synkretisme |
| Islam | *I morgen vi ler* av Namra Saleem (2016) | Kjønnsroller/kvinner<br>Muslimske jenter, kjønn og kjønnsroller i islam<br>Radikalisering |
| | *Skamløs* av Amina Bile m.fl. (2017) | |
| | *To søstre* av Åsne Seierstad (2016) | |
| | *Tusen strålende soler* av Khaled Hosseini (2007) | |

# FORSLAG TIL DISPOSISJON



## 1 Innleiing

Bakgrunn

Emnet/teksten du har valt og kvifor

Kort handlingsreferat og hovudbodskapen i teksten

Presenter problemstillinga di og korleis du vil gå fram for å finna svar

## 2 Teori og kjelder

Presentera aktuell religionsteori, *spissa ifht problemstillinga di*

Kort gjera greie for kjelder, og definera metode eller analyseomgrep dersom behov

## 3 Analyse

For å svara på problemstillinga tek du utgangspunkt i *det som vert sagt og gjort* av den/dei personane du legg hovudvekt på. Sjå analyseverktøyet side 11.

Konsentrer analysen om 2-3 gode klipp/utdrag. Bruk teori og metode frå teoridelen ovanfor.

Trekk også fram sentrale filmatiske/litterære verkemiddel i klippa/utdraga, og vis korleis dei byggjer opp under bodskapen.

Reflekter over korleis delane står i forhold til heilskapen i teksten.

## 4 Avslutning

Gje konklusjonen/svaret på problemstillinga ut frå det du har funne ut i analysedelen. Hugs den raude tråden, og sei noko om korleis hovudbodskapen samsvarer med funna dine i analysedelen.

Ev. refleksjonar du gjer deg i etterkant.

## 5 Kjeldeliste

Kjeldene skal førast opp i APA-stil. Sjå «Slik set vi opp ei kjeldeliste».

Kjeldelista skal leverast inn to dagar før framføringa di (sjå s. 12).

**NB! Å visa til kjelder i hovuddelen er ein del av oppgåva.**

# SLUTTPRODUKT OG VURDERING

Sluttproduktet er ei framføring for (delar av) klassen. 20 minutt for individuelle oppgåver, par får 35 minutt.

I tillegg til å halda ei munnleg framføring skal du levera tre skriftlege produkt:

Tysdag 05.01.21 leverer du:

1. Korttekst med
   a. Samanfatning av primærmaterialet (kort innhaldsreferat)
   b. Formulering av bodskapen i teksten
   c. Tankar om kva du trur du kjem til å finna ut (hypotese)
   d. Mogleg problemstilling

   Lag ein samanhengande kort tekst av punkta a-c. Vurdering: G/IG

To dagar før framføringa di leverer du:

2. Refleksjonsnotat som inneheld:
   a. Refleksjonar kring bruken av dei viktigaste kjeldene dine
   b. Eigenvurdering av arbeidet som er gjort
   c. Kjeldeliste etter APA-stilen

   Lag ein samanhengande kort tekst av punkta a-b. Vurdering: G/IG

Før framføringa di startar leverer du:

3. Disposisjon/ppt

**Du får karakter i:**
**Norsk munnleg**
**Religion og etikk**

---

## I vurderinga vil me leggja vekt på

- ei heilskapleg oppgåve der norskfaget og religionsfaget saumlaust er sydde saman
- det kritiske blikket på teksten
- Tryggheim-modellen:
  - fagleg beskriving
  - fagleg analyse
  - fagleg refleksjon

Sjå elles eigne vurderingskriterium for fordjupingsoppgåva.



Tryggheim skular

# VURDERINGSKRITERIUM FORDJUPINGSOPPGÅVA

| Område | | | Låg grad av måloppnåing | Middels grad av måloppnåing | Høg grad av måloppnåing |
|---|---|---|---|---|---|
| Innhald | Problem-stilling | | Tar utgangspunkt i ei problemstilling. Problemstillinga er lite presis og/eller lite relevant i forhold til kompetansemåla i læreplanen | Problemstillinga er presis og relevant i forhold til kompetansemåla i læreplanen. Problemstillinga opnar for refleksjon | Problemstillinga er presis og relevant i forhold til aktuelle kompetansemål i læreplanen. Problemstillinga opnar for refleksjon, problematisering og drøfting. |
| | Fag-Stoff (NB! Ulike mål i lære-planen for Rel & etikk vil gjelda) | Teori-del | Eleven har med noko teoristoff knytt til emnet/problemstillinga. Lite læringsutbytte i forhold til aktuelle mål i læreplanen. | Utvalet av teoristoff er relevant i forhold til problemstillinga. Viser noko innsikt og forståing. | Utvalet av teoristoff er relevant og sentralt i forhold til problemstillinga. Fagstoffet blir godt forklart og eleven har gjort det til sitt eige. |
| | | Ana-lyse/tolk-ing | Mangelfullt/noko svar på problemstillinga | Eleven svarar på problemstillinga. Fagstoffet blir forklart og brukt i analysen. | Eleven svarar utfyllande på problemstillinga. Eleven reflekterer, problematiserer og drøftar stoffet og viser innsikt og forståing. Ser samanhengar i stoffet. |
| | Kjelder | | Manglande eller ukritisk kjeldebruk. | Det blir brukt kjelder. Kjeldene er oppgitt korrekt | Kjeldene er oppgitt korrekt. Det blir referert til eller sitert frå kjeldene i presentasjonen. Kjeldene blir vurdert og brukt sjølvstendig og kritisk. |
| Form | Struktur | | Presentasjonen begynner: *Eg skal ha om* og sluttar med: *Det var det eg hadde* eller har inga markert innleiing/avslutning. Uryddig struktur/disposi-sjon. Lite knytt til tema. | Gjennomtenkt innleiing og avslutning. Ryddig struktur/disposisjon. Klarer å skilja detaljar frå hovudpunkt. | Fengande innleiing og tydeleg avslutning/konklusjon. Ryddig struktur/disposisjon og poengtert hovuddel. Klart og samlande fokus. |
| | Framføringsmåte | | Eleven «les opp» eller brukar så låg stemme at innhaldet ikkje når fram. Snakkar for fort eller for seint. Lite engasjert. Tida brukt lite fornuftig. Kort presentasjon. | Eleven er ikkje veldig bunden av manus/notat. Eleven er bevisst på å få kontakt med publikum. God stemmebruk og greitt tempo. Noko engasjert. Tida stort sett brukt fornuftig. | Eleven er uavhengig av manus/notat. Eleven brukar kroppsspråk og blikkontakt bevisst for å halda kontakten med publikum. God stemmebruk og greitt tempo. Eleven er engasjert og truverdig. Tida blir brukt effektivt og fornuftig. |
| | Språkbruk | | Eleven brukar lite fag-uttrykk og har ein upresis språkbruk. Feil uttale av ord og namn, uklart eller upassande språk | Eleven brukar presise omgrep. Fagomgrep blir brukt korrekt. Forståeleg og passande språk. | Eleven brukar presise omgrep. Relevante fagomgrep blir brukt korrekt. Eleven brukar illustrerande eksempel. God uttale. |
| | Hjelpemiddel | | Ingen bruk av hjelpemiddel. Hjelpemiddel brukt på ein lite tenleg måte. | Hjelpemiddel blir brukt for å støtta den munnlege presentasjonen. Dette blir stort sett gjort på ein tenleg måte. | Hjelpemiddel blir brukt for å støtta den munnlege presentasjonen. Evt. skrift, typografi, bilete, illustrasjonar og film- og lydklypp blir brukt på ein tenleg måte. |
| Samhandling (gjeld par/grupper) | | | Framstår som om gruppe-medlemmene har kvar si framføring. | Ein del samhandling, men opptrer delvis uavhengig av kvarandre. Noko lite kjennskap til kvarandre sine oppgåver. | Utfyller kvarandre og er sikre på kvarandre sine roller. Kjenner godt og kan bruka medeleven sitt emne. Felles oppsummering og konklusjon. |



Korleis framstiller filmen «The book of Eli» religion som ei kjelde til makt?

Hvordan blir den sosiale dimensjonen ved religion framstilt i filmen «Spotlight», og hvordan brukes den for å dekke over overgrep?

Hva slags religionskritikk kommer til uttrykk gjennom filmen «Disco»?

Hva slags syn på kjønnsroller blir framstilt gjennom rollefiguren Esty Shapiros opplevelser i serien «Unorthodox»?



| |
|---|
| Veldig lærerikt og kjekt |
| Mer relevant med nye filmer/bøker enn gamle, døde forfattere sine dikt |
| Vi jobbet med noe vi hadde interesse for. |
| Likte at vi fikk lese bøker. Sette oss ordentlig inn i en tekst. Noe jeg savner generelt i norskfaget egentlig. Likte og at vi fikk god tid til å jobbe med fagstoffet. |
| Likte godt at vi fikk bestemme mye selv. Var kjekt å kunne fordype seg i noe som var interessant for hver enkelt. |
| Noe nytt i forhold til vanlig arbeid, bra utvalg av filmer og bøker som gjorde det kjekkere. |
| gå i dybden på en film |
| At mye av arbeidet var tenking og undring på fritida om eit veldig spennande tema |



Tryggheim
vidaregåande skule
Fordjupingsoppgåva
3ST 2020-21
Nærkontakt med tekstar
http://kuteev.livejournal.com/